



Møte onsdag 26.10 2022

1. Presentasjon av alle som var tilstades.

Forfall frå Henriette. Birthe som ny representant for 6.trinn. Vert med frå neste møte.

2. Oppstart

Rektor orienterte kort om oppstarten av skuleåret. Det har vore godt å koma attende til «normalen» ved skulestart. Oppstart har gått veldig fint, og alle dei nye elevane i dei ulike klassane er komne godt i gang. Me er pr no 377 elevar ved skulen vår, noko som er ein liten oppgang frå i fjor.

3. Satsingsområde / Fokusområde

Rektor orienterte kort om viktige område for skulen dette skuleåret

- BTI er framleis sentralt i det daglege arbeidet
- Det nasjonale prosjektet frå UDIR – «trygt og godt skulemiljø» er sentralt på skulen i år. Dette er eit to-årig prosjekt der ein er saman med Trudvang skule og Kjørnes barnehage. Ein får oppfølging frå eit rettleiarkorps frå UDIR gjennom denne toårsperioden.
- Digitalt utstyr og digitale verktøy og bruk av dette i kvardagen er og noko ein har fokus på. Me har gjort gode investeringar dei siste åra og jobbar med å få god bruk i høve til både verktøy og digitale læremiddel.

4. Skuleutbygging

Rektor orienterte kort om prosessen rundt bygging av ny skule. Det skal ferdigstillast ein rapport 1.november og målet er at lokasjon skal vere valgt i desember 2022. Førsette vert involvert i prosessen vidare.

5. Møteplan

21.november – 20.00 – digitalt møte knytt til uttale kring ny skule.
Vidare møtedatoar vert satt framover

6. Ymse – sak vidareført til neste møte

Registrere FAU i Brønnøysundregisteret for å kunne knytte kontoar til skulen.